



Knut Arne Lilleskare

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1756 - 15/8899

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
04.05.2015

Stadfestning av mottak av brev - Orientering om avslutta sakshandsaming

Administrasjonen stadfester med dette at dykkar skriv av 28. april 2015, nemnd «*'garasjesaken på Vikebø'* Faktiske faktafeil i Deres brev av 30.03.2015» er motteke og registrert på sak. Kommunen tek dykkar tilbakemelding til orientering.

Administrasjonen opplyser at avgjerda om å legge bort saka i medhald av pbl § 32-1, andre ledd inneber at sakshandsaminga er avslutta i kommunen. Kommunen har ikkje høve til å endre denne avgjerda og likevel forfølge det ulovlege tiltaket etter pbl kap 32. Det vert vist til boka «Plan- og bygningsrett» (O.J.Pedersen m.fl., 2. utg.) s 605:

«For bygningsmyndighetene innebærer en beslutning etter § 32-1 annet ledd at saken er ferdig. De kan ikke ombestemme seg og likevel forfølge saken. Naboen kan ikke påklage beslutningen – se Ot.prp. nr 45 (2007-2008) s. 352.»

Administrasjonen tilbakeviser at avgjerda i skriv dagsett 30.3.2015 inneber eit ugyldig vedtak. Kommunen finn det tilstrekkeleg å vise til grunngjevinga i avgjerda og kan ikkje sjå at det i dykkar skriv kjem fram avgjerande nye opplysningar som ikkje var kjent for administrasjonen då vedtaket vart gjort.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Knut Arne Lilleskare